

Færre bruk, men fleire kyr

Leiar Lars Petter Bartnes i Norges Bondelag møtte bøndene i Valdres



Optimisme: Onsdag kveld var det ope møte med leiar Lars Petter Bartnes i Norges Bondelag (t.v.). Her er Arnfinn Beito i Oppland sau og geit i samtale med Bartnes. Beito la fram tala om tap som følge av rovdyr.

– Antal bruk går litt ned, men antal kyr går opp og vi produserer litt meir. Målet er ein prosent auke i året, sa Lars Petter Bartnes i Norges Bondelag.

GEIR HELGE SKATTEBO
geir.helge@avisa-valdres.no

LEIRA: Han kom til sine eigne, leiar i Norges Bondelag Lars Petter Bartnes, då han møtte representantar frå landbruket i Valdres. Bartnes er sjølv bonde frå Trøndelag.

Mykje av kvelden gjekk med til ein presentasjon av landbruket i Valdres i dei seks ulike kommunane. Kvar ordførar fekk taletid til dette. Men det vart òg tid til at Asgrim Opdal i Filefjell Reinlag og Arnfinn Beito i Oppland sau og geit fekk koma med ein presentasjon av næringane sine.

Stølsdrifta overraska

– Eg visste ikkje at stølsdrifta er så viktig i Valdres, sa Bartnes.

Ellers teikna det seg eit bilete av landbruket i Valdres, som i landet elles. Det er ein nedgang i antal bruk, men kvart bruk produserer litt meir enn før.

– Stortingsmeldinga frå 2012 seier at vi skal auke produksjonen i landbruket med ein prosent kvart år. For å få til dette må vi utvikle landbruket vidare. Vi må gå frå ein oljeøkonomi til ein grøn økonomi. Dei 14 milliardane som blir lagt inn i overføringar til jordbruket, gjer ein enorm avkastning. Vi må satse meir på landbruket, sa Bartnes.



Nesten fullt: 5 av 6 ordførarar var til stades i møte med bondelagsleiaren ved Valdres vidaregåande skule.

Han fekk med seg mange gode tips til jordbruksforhandlingane som startar om ikkje lenge.

Den aktive bonden

Bartnes var kritisk til tanken om at store bruk i Norge blir så effektive.

– Vi må ha eit variert landbruk. Det må vera rom for både dei store bruka med eit hundre kyr på båsen og for dei små. Eller at ein driv deltid eller heiltid. Vi kallar det «den aktive bonden». Eg meiner det er like robust å skape matproduksjon på eigen gard og samstundes arbeide noko ute. Ein kan vera bonde og vaktmeister samstundes, forklara Bartnes.

Klima blir viktig

Bartnes drog òg fram miljøperspektivet.

– Vi har sett ned ei eigen arbeidsgruppe innan Norges Bondelag, som skal sjå på matproduksjon og klima i landet vårt, sa han.

Han delte ei bekymring for kornbonden som er på retur, etter at dei fekk dårleg uttelling ved førre jordbruksoppgjær.

Urbanisering av fjellet

– Landbruket i Norges står for ein rein produksjon av mat med god dyrehelse. Samstundes pleier vi kulturlandskapet rundt oss. Det er noko som folk må få auga opp for. I Valdres er det òg bygd opp ei betydeleg turistnæring rundt landbruket. Hytta er på god veg til å bli heim nummer to. Det er ei urbanisering av fjellet som gjer ei stor verdiskaping, sa Bartnes.

FAKTA

Norges bondelag:

- Onsdag var leiar Lars Petter Bartnes på Valdres vidaregåande skule på Leira.
- Der hørde han på kva bøndene i Valdres meiner er viktig i dei komande jordbruksforhandlingane.
- Bartnes hadde sjølv eit innlegg om status for landbruket i Norge.



Stølen er viktig: Magnhild Strand (Sp) fortalde om kor viktig stølen er for landbruket i Valdres.

THALLAUG

www.thallaug.no

Advokatfirmaet Thallaug representerer med sine 18 medarbeidere på Lillehammer et unikt fagmiljø på Indre Østland. Våre avdelinger for eiendom, forretning og personjuss er sammensatt av både erfarne advokater og nyutdannede, noe som sikrer faglig bredde, spisskompetanse og lokalkunnskap.

Nye ansatte i Thallaug



Kjell Are Strøm

Kjell Are begynte hos oss i august 2014 i vår avdeling for personjuss. Han arbeider særlig med arve- og familierett, generell kontraktsrett, erstatningsrett og forvaltningsrett. Kjell Are har bakgrunn som arbeidsgruppeleder og mastergradsstipendiat ved Det juridiske fakultet i Bergen, hvor han blant annet skrev masteroppgave om tolking av sponsoravtaler.



Oddvar Myhren Møllerløyken

Oddvar er ansatt fra januar 2015, og er tilknyttet vår avdeling for fast eiendom. Han har bakgrunn fra Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA i Oslo, hvor han var leder av bank- og finansavdelingen. Oddvar har også arbeidet i GIEK, og har betydelig kompetanse og erfaring innenfor kontraktsrett og forhandlinger både nasjonalt og internasjonalt. Oddvar har ført en rekke saker for domstolene innenfor ulike fagområder, herunder eiendomsrett, transportrett, finansrett og arverett.



Lars Otterholt Veen

Lars er nyutdannet ved Universitetet i Bergen 2014, og er ansatt hos oss fra januar 2015. Han er tilknyttet vår avdeling for fast eiendom. Lars har skrevet masteroppgave om kommunens erstatningsansvar ved innvilgelse av byggetillatelse i rasutsatte områder, og vil særlig arbeide med offentligrettslige spørsmål knyttet til fast eiendom.

Advokatfirmaet Thallaug ANS

P.b. 354, 2602 Lillehammer, tlf.: 61 27 99 50, post@thallaug.no